



Arkivnr: 2015/143-9

Saksbehandlar: Anne Aune

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015

## Tilskot til sogelag/historielag 2015 og lokalhistorisk arbeid 2015

### Samandrag

På budsjettposten Ålmenne kulturvernføremaal i årsbudsjettet for 2015 står det 152.000 kroner til sogelag, men midlane er ikkje fordelte. Driftstilskot til sogelaga skal frå 2015 gjerast om til ei tilskotsordning med tildeling etter søknad. Det er i denne saka lagt fram forslag til retningsliner for tilskotsordninga.

### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek retningsliner for tilskotsordninga til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid)
2. Tilskotet til Hordaland sogelag vert ført vidare som eit driftstilskot.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 18.02.2015**

På budsjettposten 400.620 Ålmenne kulturvernforemål i årsbudsjettet for 2015 står det 152.000 kroner til sogelag, men midlane er ikkje fordelte som driftstilskot til laga.

I årsbudsjettet for 2014 post 400.620 Tilskot ålmenne kulturvernforemål var 151.000 kroner fordelt slik: Hardanger historielag, Bjørgvin Kyrkjelag, Nord- og Midthordland Sogelag og Sunnhordland Sogelag: 22.000 kroner kvar, Landslaget for bygde- og byhistorie 8.000 kroner, Voss Sogelag 18.000 kroner og Hordaland Sogelag 37.000 kroner.

Driftstilskot til sogelaga skal frå 2015 gjerast om til ei tilskotsordning med tildeling etter søknad. Målsetjinga er å stimulere til og støtte opp om initiativ og aktivitet.

Søknadsfrist for tilskotsordninga bør vere 1. mars, men på grunn av at retningslinene for tilskotsordninga må opp til politisk handsaming i 2015 vert årets søknadsfrist sett til 15.april. Søknadene vert lagt fram for politisk handsaming i kultur- og ressursutvalet. Tilskotet til Hordaland sogelag på kr. 37.000 vert ført vidare som eit driftstilskot. Tilskotsordninga vert gjort kjend m.a. på nettsida til fylkeskommunen under <http://www.hordaland.no/tilskot>

**Forslag til retningsliner for tilskotsordninga:***Føremål:*

Ordninga skal stimulere til og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025.

*Kven kan søkje:*

Sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre

*Søknadsfrist:*

1. mars

*Kva kan støttast:*

Midlane skal nyttast til tiltak for å styrke lokalhistorisk arbeid som publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm.

*Støttenivå:*

Maks 30.000 kroner

*Krav til søknaden:*

Mål og framdriftsplan for prosjektet, budsjett, søknadssum, planlegging, ev samarbeidspartar.

**Søknadsskjema:**

Det vil bli utarbeidd søknadsskjema som skal ligge på tilskotsida til HFK - med spørsmål om søkjar (medlemstal, tidsskift/publikasjonar, fotosamling, aktivitet osv), kontaktperson, tiltak/prosjekt, budsjett/finansiering, søknadssum m.m.